



Velkommen til

Hogane 1C
6800 Førde

Innholdsliste

Nøkkelinformasjon	6
Informasjon om egedomen	7
Planteikning	22
Tilstandsrapport	25
Eigenerklæring	59
Energiattest	64
Nabolagsprofil	69
Tilbehør og løsøre	71
Help boligkjøperforsikring	
104	
Forbrukerinformasjon om budgiving	
106	
Budskjema	
107	

Velkommen til

Hogane 1C
6800 Førde

Romsleg & innhaldsrikt rekkehus med garasje | Barnevennleg nabolag | 3 soverom | Sentralt

Hogane 1C ligg sentralt plassert med gangavstand til barnehagar, skular og sentrum. Nabolaget er barnevennleg med fine leikeplassar, ballbaner og turområder. Det bur mange familiar i området.

Bustaden disponerer garasje med kort gangavstand til eiga innangsdør. Rekkehuset går over tre-plan og byr deg mellom anna

- 3 soverom
- Romsleg bad og separat vaskerom
- Stor og gjennomgåande stove
- Fint kjøkken med plass til spisegruppe
- Uteområde med potensial
- Uinnreia loft
- Vedomn og varmepumpe
- God planløysing og store rom
- Ingen dok.avg. ved kjøp
- Mykje av bukostnadane ink. i felleskostnad

Bustaden har godt potensial. Modernisering må påreknast.



Les salsoppgåva nøye

Som meklar møter eg heile tida menneske på jakt etter draumbustaden. Sidan kjøp av bustad er ein av dei viktigaste investeringane du gjer i livet, har eg full forståing for at det kan vere ein krevjande prosess. Det er mykje informasjon ein skal setje seg inn i, og mange spørsmål som dukker opp undervegs. Hovudmålet med denne salsoppgåva er nettopp å gi deg all informasjon du treng, slik at du har det beste grunnlaget til å bestemme deg for om du ønskjer å bli med i bodrunden eller ikkje.

Eg tilrår deg å lese nøye gjennom salsoppgåva, slik at du er best muleg budd til vising. Uansett kva spørsmål du har er det berre å ta kontakt med meg.

Lykke til!



Trond Bakke
Eigedomsmeklar MNEF
48 99 99 84
trond.bakke@em1sf.no

Nøkkelinformasjon

<u>Prisantydning</u>	kr	2 590 000
<u>Del fellesgjeld</u>	kr	233 574
<u>Pris ink fellesgjeld</u>	kr	2 823 574
<u>Kostnader</u>	kr	6 950
<u>Tot. Pris ink omk og andel fellesgjeld</u>	kr	2 830 524
<u>Felleskostnader pr. mnd.</u>	kr	7 297
<u>BRA Total/BRA-i</u>		167/150 m ²
<u>Antal soverom</u>		3
<u>Eigedomstype</u>		Andelsleilighet
<u>Eigarform</u>		Andel
<u>Tomtetype</u>		Eiet
<u>Byggear</u>		1973
<u>Energimerking</u>	Bokstav: D, farge: Gul	



Informasjon om egedomen

Bustaden

Adresse

Hogane 1C, 6800 FØRDE

Registernemning

Gnr 62, bnr 355, , andelsnr. 59 i Hogane Burettslag A/l med orgnr.: 952665928 i Sunnfjord kommune.

Eigedomtype

Andelsleilighet

Byggeår

1973

Tilkomst

Lett tilkomst frå offentleg veg og via burettslaget sine private vegar Sjå evt. kart, eller kontakt meklar for nærmare opplysingar. Ved fellesvising vil meklar syte for skilting.

Plassering

Rekkehus i Hogane burettslag i Førde, ca. 2 km vest for Førde sentrum. Her har ein kort avstand via nyetablert gangveg til Halbrend og Ytre Hafstad barnehagar, Flatene barneskule og Halbrend barne- og ungdomsskule. Vidaregåande skular finn ein i Førde sentrum, og alt av sentrumsfasilitetar.

Barnehage/skule/fritid

Halbrend barnehage og Ytre Hafstad barnehage ligg i kort gåavstand til bustaden.

Skulekrets

Flatene og Halbrend.

Offentleg kommunikasjon

Ringbuss med avgang ein gang i timen frå hovudvegen.

Innhald

Bustaden går over tre plan med følgande innhald:

Underetasje: Vindfang, gang, to soverom, bad, vaskerom og to boder.

1. etasje: Stove, kjøkken og soverom.

Loft: Uinnreia loft.

Standard

Bustaden har for det meste enkel standard med behov for modernisering.

Burettslaget endra takkonstruksjon i 2010. Då endra dei frå flatt tak til saltakkonstruksjon og bustaden fikk ny taktekking med meir.

Bustaden har naturlig ventilering, varmepumpe, vedomn og varmekabel i badet. Røyr av kopar og plast, fordelingstavle med for det meste skrusikringar og nokre automatsikringar.

Omsetning av brukt egedom

Ein brukt egedom vil som regel ikkje vere i same stand som om den var ny. Tekniske krav, type bustad, teknikk og skikkar endrar seg over tid. Bruksslitasje og ytre forhold kan gjere at tilstanden blir dårlegare etter kvart, sjølv om det ikkje er synleg. Kjøparar kan ha mindre forventningar til eldre bustader enn nye, og det kan vere skadar eller feil som ikkje er beskrive,

men som seljar likevel ikkje kan haldast ansvarleg for. Normal bruksslitasje er ikkje ein mangel, og det er ikkje sikkert at det som opplevast som ein feil ved ein eigedom er ein mangel i rettsleg forstand. Det er difor viktig å setje seg grundig inn i tilstanden på den eigedomen ein vil kjøpe.

Areal

BRA - i: 150 m²

BRA - e: 17 m²

BRA totalt: 167 m²

TBA: 15 m²

Rekkehus

Bruksareal fordelt på etasje

Kjeller

BRA-i: 59 m² Vindfang, gang, to soverom, bad, vaskerom og to boder.

1. etasje

BRA-i: 64 m² Stove, kjøkken og soverom.

2. etasje

BRA-i: 27 m² Uinnreia loft.

TBA fordelt på etasje

1. etasje

15 m²

Garasje

Bruksareal fordelt på etasje

1. etasje

BRA-e: 17 m²

Arealene er oppgitt av bygningssakkyndig på grunnlag av NS3940(2023).

Internt bruksareal (BRA-i) er areal innenfor boligens omsluttende vegger. Det er for eksempel stue, soverom, kjøkken, entré, bad, loftsrom, innvendig bod og ganger mellom disse. Dersom boligen består av en bruksenhet med flere selvstendige boenheter, skal de selvstendige boenhetene kategoriseres som BRA-i. Et eksempel på dette kan være en enebolig med adskilt utleieenhet.

Eksternt bruksareal (BRA-e) er for eksempel en ekstern bod, kjellerstue med egen inngang, gjesterom, tilleggsbygg eller andre rom som tilhører boenheten, men som ikke er direkte tilknyttet det interne arealet. Tilleggsbygg kan være for eksempel garasje, naust eller utvendig bod.

Innglasset balkong (BRA-b) er innglassede balkonger, verandaer og altaner som disponeres av boenheten.

Terrasse- og balkongareal (TBA) er arealet av terrasser, altaner, verandaer og åpne balkonger som er tilknyttet boenheten.

Boligens gulvareal (GUA) er boligens samlede gulvareal og areal med lav takhøyde ALH er areal uten krav til minste himlingshøyde. **Takstmann sine kommentarer til arealoppmåling**
Areala er henta frå tilstandsrapport utført av bygningskyndig og er i samsvar med NS 3940. Meklar har ikkje kontrollert areala.

Antal soverom

3

Sjå elles informasjon under feltet "Innhald". Antal soverom er gjeve etter Forbrukartilsynet sine retningslinjer, og inkluderer kun soverom som er godkjent til varig opphald. Antal soverom som er oppgjeve av bygningskyndig i tilstandsrapporten er gjeve etter retningslinjene til takstbransjen, der det er den faktiske bruken av rommet på marknadsføringstidspunktet som er avgjerande. Bruken av rommet kan likevel vere i strid med byggt tekniske forskrifter og/eller manglande godkjenning, bruksendringar til rom for varig opphald m.m. I dei tilfella det er opplysningar frå seljar og/eller kommunen om at rom ikkje er godkjent til varig opphald, vil årsaken til dette kome fram i salsoppgåva.

Antal bad

1

Moderniseringar og påkostingar

1999 - Utskiftning av dei fleste vindua.

1999 - Utskiftning av terrassedør.

2010 - Ny takkonstruksjon, endring frå flatt tak til saltakkonstruksjon.

2010 - Utskiftning av taktekking, snøfangar, stigetrinn på taket, takrenner, og taknedløp med unntak av nedløp av plast under terrenget.

2010 - Skorsteinen er skifta frå loftet og opp, inkludert utvendig beslag på skorsteinen, sotluka er av ukjent årstal, men er antatt skifta i same tidsperiode.

Normalt vedlikehald, delmodernisering, og oppgradering er utført i ulike tidsperiodar.

Takst og tilstand

Bygningskyndig

Ole Andre Roska

em@fordetakstkontor.no

959 91 625

Type takst

Tilstandsrapport. Rapporten er datert 24.09.2025

Byggemåte

Grunnmur og ringmur av betong, med innvendig isolert utforing av grunnmuren.

Utvendig er synleg del av grunnmuren med malte overflater.

Golv mot grunn av betong.

Etasjeskille mellom 1. etasje og 2. etasje av betongdekke.

Etasjeskille mellom 2. etasje og loftet av trebjelkelag.

Ytterveggar av bindingsverk med utvendig kledning av malt trepanel og fasadeplater.

Skilleveggar mellom bustadane av betong og bindingsverk.

Takkonstruksjon med saltakform med uinnreiia kaldloft, oppbygd av taksperr i trekonstruksjon.

Taktekking av stålpanner, og undertak av duk.

Snøfangar på takflata over inngangspartiet til underetasjen.

Takrenner og taknedløp av lakkert metall, med unntak av mindre del under terrenget som er av plast.

Stigetrinn på taket for utvendig tilkomst til skorsteinen.

Vindauge med malte trekarmar med 2-lags glas, og to vindu med kopla glas.

Inngangsdør i underetasjen med teakfinerte overflater med 3-lags glas.

Terrassedør i stova i malt treverk med 2-lags glas.

Frå stova er det tilkomst til delvis overbygd terrasse oppført i betong og trekonstruksjon, ca. 15m².

Terrassen er delvis med bed betongplate, og delvis av trekonstruksjon med spaltegolv av terrassebord.

Rekkverk og skjermvegg i malt treverk.

Mindre trapp i trekonstruksjon mellom terrassen og uteområdet framfor.

Ventilasjonen er basert på naturleg ventilerings, normal utføring for byggeåret.
Sanitæranlegg med vassrør av kopar og avløpsrør av plast.
Varmtvassstank på 190 liter er installert i vaskerommet.

Elektrisk anlegg med skjult og open installasjon og sikringsskap med skrusikringer, og enkelte automatsikringer.
Fiber er installert.

Garasje:

Andelen har garasjeplass i rekke.

Golv av betong.

Grunnmur av betong, og mindre del av ytterveggane av bindingsverk med utvendig kledning av malt trepanel.

Innvendige skillevegger av bindingsverk med gittervegger.

Takkonstruksjon med pulttakform, oppbygd av trekonstruksjon med takteking av lakkerte metalplater, og innvendig himling med gipsplater.

Ledda stålport.

Elektrisk anlegg er installert.

Alle bygningsdelar og installasjonar har avgrensa levetid. Konstruksjonane er bygd etter lov og forskrift som tek utgangspunkt i byggeåret og vil normalt ikkje tilfredsstille krava i dag. Med omsyn til den tekniske standarden på bygningane vert det vist til vedlagde tilstandsrapport fra takstmann Ole André Roska datert 20.01.2026, der enkelte bygningselementer har oppnådd tilstandsgrad 2 (TG2) og tilstandsgrad 3 (TG3). Interessentar vert oppmoda til å sette seg grundig inn i desse punkta samt eigenerklæringa som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Meklar gjer elles merksam på kjøpar si undersøkingsplikt med heimel i avhendingslova.

Følgande punkt har fått TG3 i tilstandsrapporten (store eller alvorlege avvik):

- Det er berre snøfanger på mindre del av taket, sjølv om det var krav til snøfangerar på taket ved endring av takkonstruksjonen frå flatt tak til saltakkonstruksjon.

Vurdert til TG3 basert på på at det berre er snøfanger på del av taket.

Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000

- Terrasseborda, rekkverket, skjermveggen, og trappa er prega av slitasje, og manglande vedlikehald i seinare tid.

Vurdert til TG3 basert på tiltak med behov for strakstiltak.

Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000

- Utvendig trapp er slitt med behov for utskifting, eller fjerning.

Kostnadsestimat: Under 20 000

- Synleg del av smøremembranen har avvik i utføring i badet.

Det er registrert lokalt område i våtsone med skade i laminaten på baderomsplate.

Det er slark i hjørneprofilen for baderomsplatene i dusjona.

Membran/tettesjikt har med omsyn til antatt alder oppnådd forventta brukstid med omsyn til alder og forventta brukstid for smøremembran og baderomsplater.

Sluken har oppnådd anbefalt brukstid med omsyn til alder.

Varmekablane har oppnådd meir enn halvparten av forventta brukstid med omsyn til alder, og det er opplyst frå rekvirent at varmekablane truleg er defekt.

Elektrisk ventilvifte leia fukt frå badet og inn i vaskerommet, noko som vil medføre auka luftfuktigheit i vaskerommet.

Badet må oppgraderast for å tåle normal bruk etter dagens behov.

Kostnadsestimat: 200 000 - 500 000

- Vaskerommet er av eldre standard, og oppfyller ikkje dagens krav for våtrom omsyn til tettesjikt.

Sluken har oppnådd anbefalt brukstid med omsyn til alder.
Ventilasjonen er berre basert på naturleg ventilerings via veggventil.
Vaskerommet må oppgraderast for å tåle normal bruk etter dagens behov.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Innvendige avløpsrør er av varierende alder, og del av avløpsrøra har oppnådd minste anbefalte brukstid med omsyn til alder.
I innvendig kasse i underetasjen for avløpsrør er det registrert fukt, antatt som følge av defekt pakning, men årsak er ikkje kjent, og det må utførast utvida kontroll for å kartlegge årsak, og behov for tiltak.
Kostnadsestimat: Under 20 000

Følgande punkt har fått TG2 (avvik som kan kreve tiltak):

- Det er ikkje registrert museband/musebørstar bak utvendig kledning i kontrollerte områder.

- Vindauga har oppnådd meir enn halvparten av forventa brukstid med omsyn til alder og forventa brukstid for vindauga med 2-lags glas.
Vindauga med kopla glas har oppnådd minste forventa brukstid med omsyn til alder og forventa brukstid.

Det er synleg teikn på innvendig kondensering på enkelte glas.

Vridaren på vindaug i eine soverommet er tung å opne/lukke, vedlikehald må påreknast.

Del av vindauga har behov for vedlikehald med overflatebehandling.

- Dørene har med omsyn til alder oppnådd meir enn halvparten av forventa brukstid for dører med 2- og 3-lags glas.

Dørene har behov for vedlikehald med overflatebehandling.

- Det er ikkje framlagt vedlikehaldsplan/tilstandsrapport for Hogane Burettslag.

- Innvendige overflater er av varierende alder, og har naturleg elde og bruksslitasje i høve til alderen.

Delmodernisering må påreknast som følge av varierende slitasjegrad, og områder med avvik i finish.

- I underetasjen er det målt høgdeforskjell i golvet på 10 mm over ein avstand på 2 meter.

I 1. etasje er det målt høgdeforskjell i golvet på 10 mm over ein avstand på 2 meter.

- I loftet er det registrert enkelte riss/mindre sprekk i murpussa overflate på skorsteinen.

Innvendig røykløp er ikkje kontrollert, og vil bli kontrollert ved neste feiing.

- Det er plast på innvendig utforing. Plast på innvendig utforing på grunnmur/yttervegg mot terrenget er ikkje normal byggeskikk i dag, men var ikkje unormalt før. Plast på innvendig utforing vil kunne hindre uttørking ved eventuell fukt i konstruksjonen.

Innvendig utforing av grunnmur i eldre bygningar er generelt å rekne som risikokonstruksjonar med omsyn til fare for fukttransport i konstruksjonen, som følge av eventuelt svekka dreneringsfunksjon, og oppbygging av konstruksjonen.

Holtaking og fuktmåling er utført i boda i underetasjen. Ved fuktmåling i innvendig utforing på grunnmuren vart det registrert 17,6 vektprosent. 17,6 vektprosent ligg over akseptabelt fuktnivå for treverk, med potensiale for følgjeskade i konstruksjonen.

- Enkelte dører tar i karmen/terskelen, justering må påreknast.

Dørene er av varierende alder, og har elles naturleg elde og bruksslitasje i høve til alderen.

- Ved holtaking og fuktmåling i badet er det berre ein mindre del av konstruksjonen ein får kontrollert, det er difor ingen garanti for at det ikkje kan vere avvik/fukt i andre områder.

Med omsyn til alder og registrerte avvik må ein utføre utvida kontroll av tilliggande konstruksjon i frobindelse med oppgradering av badet for å kartlegge tilstand på tilliggande konstruksjon.

- Med omsyn til alder, og registrert avvik i vaskerommet, må kontroll av tilliggande konstruksjon

utførast i forbindelse med oppgradering av vaskerommet for å kartlegge tilstand på tilliggande konstruksjon.

- Kjøkkenet har naturleg elde og bruksslitasje i høve til alderen.

- Innvendige vassrør er av varierende alder, og del av vassrøra har oppnådd minste anbefalte brukstid med omsyn til alder.

- Det manglar enkelte innvendige ventildeksel.

- Varmtvassstanken har oppnådd meir enn halvparten av forventa brukstid med omsyn til alder.

- Varmepumpa har oppnådd meir enn halvparten av forventa brukstid med omsyn til alder og forventa brukstid for luft til luft varmepumper. Luft til luft varmepumper har normalt ei forventa brukstid på 12-15 år med normalt vedlikehald.

- Med omsyn til alder og forventa brukstid for dreneringssystem har dreneringa oppnådd meir enn halvparten av forventa brukstid. Dreneringssystem har normalt ei forventa brukstid på alt i frå 20-60 år.

Fukt over akseptabelt fuktnivå i innvendig utforing er symptom på svekka dreneringsfunksjon, men kan og skyldast andre årsaker som for eksempel kondensering som følgje av at det trekke opp kald og fuktig luft mellom grunnmuren og betonggolvet.

- Det er registrert parti med steinreir i ringmuren, men det er ikkje registrert vestenleg avvik med omsyn til alder på ringmuren og parti med steinreir.

- Det er registrert område uten fall frå grunnmuren.

Del av terrenget er ikkje muleg å kontrollere grunna manglande tilkomst.

- Stikkleidningar for vatn og avløp ligg skjult og er difor ikkje kontrollert, men er vurdert til TG2 basert på antatt alder, materiale og anbefalte brukstid.

- Det er nedgravd oljetank på eigedommen, og det er opplyst at tanken er plombert. Tanken er ikkje kontrollert i forbindelse med tilstandsrapporten, og det er ikkje framlagt dokumentasjon på plombering av tanken.

- Overbygget i hagen er av enkel standard med behov for vedlikehald.

Følgande punkt har fått TGIU (konstruksjonar som ikkje er undersøkte):

- Støttemur av naturstein mot gata over. Støttemuren er ikkje vurdert som del av andelen, tilstandsgrad er difor ikkje oppgitt i rapporten.

Forhold om kan medføre fare for helse, miljø og sikkerhet:

- Del av rekkverket i innvendig trapp har høgd i underkant av dagens forskrift for rekkverk som er på minimum 90 cm.

- Det er opning på over 10 cm mellom rekkverksspilene. Etter dagens forskrift skal det maks vere opning på 10 cm mellom vertikale rekkverksspiler med omsyn til barnesikring.

- Del av trappa er uten handløpar. Etter dagens forskrift skal det vere handløparar på begge sidene i trappeløpet.

- Det er opplyst at radonmåling vart utført i 2010, og at utført radonmåling låg under anbefalte grenseverdi. Radonnivå kan endre seg over tid, jamleg radonmåling er difor anbefalt. Rapport for radonmåling er ikkje framlagt.

Bygningen er ikkje utført med radonsperre mot grunnen, normal utføring for byggeåret.

- Elektrisk anlegg er ikkje kontrollert i tilstandsrapporten, kontroll av godkjent elektroinstallatør/eltakst bør utførast for å utelukke/kartlegge eventuelle feil/manglar på anlegget. Med omsyn til at det ikkje er framlagt elkontroll/eltakst kan det ikkje utelukkast at det ikkje er feil, eller manglar på anlegget.

Utskiftning av skrusikringane til automatsikring vil vere naturleg.

Ukjent om det er openbare avik som utgjør fare for liv, helse, og materielle verdier som krever umiddelbare tiltak.

- Del av arealet rundt bustaden, og del av bustaden ligg i område merka med potensiell snøskredfare i NVE sitt temakart.

Eigedommen ligg i område merka med potensiell fare for jord- og flaumskred i NVE sitt temakart.

Byggemåte

Barnevennleg nabolag som for det meste er utbygd med bustader. Her er det fine leikeplassar og ballbaner like ved.

Innbu og lausøyre

Kvitevarer som er integrert følgjer med, medan kvitevarer som ikkje er integrert følgjer i utgangspunktet ikkje med i handelen dersom ikkje anna er avtala, jamfør tilhøyrslista som ligg ved prospektet. Eventuelle lausøyre og tilhøyr som følgjer med i salet vert seld utan noko form for garanti, og seljar tek ikkje ansvar for standarden på desse.

Samandrag av seljar si eigenerklæring

- Lekkasje fra varmtvannstank, utbedra og defukting. Forsikkringssak ca 2014.

Bad: krakelering i fuger og manglande fuger. Varmekablar er deffekt. Dårlig helling i golv mot sluk.

Misstenker ufaglært arbeid på bad av forige eigsr. Veit ikkje om der er membran.

- Montering av fleire stikkontakter og bytte nokre lysbrytera.

- Elsjekk utført på oppdrag av burettslaget.

- Oppgradert frå flatt til mønetak på leilegheit, burettslagsvedtak. Garasjetak, burettslagsvedtak. Utført av burettslaget.

- Er utført radonkontroll rundt år 2010. Usikker på kva verdien på målinga er. Men målinga var godt innanfor akseptable nivåer.

Tomteforhold

Tomtetype

Eigd

Tomteareal

Tomtestorleik 1 967.1 m²

Beskriving av tomta

Arealet som ligg naturleg inntil andelen er opparbeidd med asfaltert gangareal, hage med grøntareal med beplantning, og betongplattung ved inngangspartiet til underetasjen, og uteområdet med tilkomst frå 1. etasje er opparbeidd med samanhengande terrasse oppført betong- og trekonstruksjon, og grøntareal.

Uteområdet med tilkomst frå 1. etasje er prega av lite vedlikehald i seinare tid, og har behov for vedlikehald.

Parkering

Andelen har garasjeplass i rekke.

Eigedomen

Eigarform

Andel

Ferdigattest/bruksløyve

Det er utsteda ferdigattest som ligg ved salsoppgåva. At slike løyver/attester eksisterer gir ingen garanti for at det ikkje seinare er utført arbeid som ikkje er byggemeldt/godkjent.

Ferdigattest/bruksløyve datert

24.03.1973.

Veg, vatn, avlaup

Offentleg veg til burettslaget sitt fellesareal.

Eigedommen er tilknytta kommunalt vass- og avløpsanlegg via burettslaget sine private stikkledningar.

Reguleringsplan

Eigedommen ligg i regulert område, utbygd etter eldre reguleringsplan.

Link til reguleringsplan:

<https://www.arealplaner.no/4647/arealplaner/156>

I kommuneplanen sin arealplan ligg eigedommen i område avsett til bustadbebyggelse med arealbrukstatus noverande.

Link til kommuneplanen sin arealplan:

<https://arealplaner.no/4647/arealplaner/590>

Radonmåling

Det er opplyst at radonmåling vart utført i 2010, og at utført radonmåling låg under anbefalte grenseverdi. Radonnivå kan endre seg over tid, jamleg radonmåling er difor anbefalt. Rapport for radonmåling er ikkje framlagt.

Bygningen er ikkje utført med radonsperre mot grunnen, normal utføring for byggeåret.

Hefte

På eiendommen er det tinglyst følgende heftelser og rettigheter som følger eiendommens matrikkel ved overskjøting til ny hjemmelshaver:

4647/62/355:

11.10.1972 - Dokumentnr: 4201 - Registrering av grunn

Denne matrikkelenhet opprettet fra:

Knr:4647 Gnr:62 Bnr:105

01.01.2020 - Dokumentnr: 1295067 - Omnummerering ved kommuneendring

Tidligere: Knr:1432 Gnr:62 Bnr:355

Legalpant

Burettslaget har ein lovbestemt panterett i andelen for krav mot andelseigar for ubetalte felleskostnader for inntil 2 G (folketrygda sitt grunnbeløp).

Andelseigar

Jarle Barmen

Burettslaget

Hogane Burettslag A/I

Organisasjonsnummer

952665928

Andelsnummer

59

Styregodkjenning

Kjøpar skal godkjennast av styret i burettslaget. Dette kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Kjøpar pliktar å gjennomføre handelen uavhengig av om kjøpar på overtakingstidspunktet er godkjent av burettslaget som ny andelseigar. Risikoen for å bli godkjent som ny andelseigar

kviler på kjøpar. Dersom kjøpar på overtakingstidspunktet ikkje er godkjent som ny andelseigar, har kjøpar ikkje rett til å ta egedomen i bruk jf. borettslagsloven § 4-5 (2). Blir kjøpar ikkje godkjent som ny eigar må kjøpar syte for vidaresal av andelen. Heimelen vert overført til kjøpar og oppgjer vert utbetalt til seljar.

Vedtekter/husordensreglar

Kjøpar blir oppmoda til å setje seg inn i vedtekter og husordensreglar. Kjøpar godkjenner som bindande for seg sameiget sine vedtekter og husordensreglar, inkludert eventuelle reglar om dyrehald.

Dyrehald

Bebuar kan holde husdyr under føresetnad av at dyret er registrert hos burettslaget ved styret, og at bebuar inngår avtale om ansvarleg husdyrhald med burettslaget. Sjå nærare §7 i Husordensreglane.

Plikter for bebruarane

Eigar av andelen pliktar å setje seg inn i vedtektene til burettslaget og eventuelle husordensreglar. Desse ligg vedlagt salsoppgåva.

Rekneskap/budsjett

Interessentar anbefalast å sette seg inn i rekneskapet/budsjettet til burettslaget som ligg vedlagt i salsoppgåva.

Forretningsfører

BOB

Forkjopsrett

Andelseigarar i burettslaget og deretter dei andre medlemmane i bustadbyggjelaget har forkjopsrett. Forkjopsretten blir avklara i etterkant av salet. Gå inn på www.bob.no for å sjå meldefrist. Ansienniteten vert rekna etter innmeldingsdato. Dersom fleire andelseigarar i burettslaget står med lik ansiennitet, går den foran som har lengst ansiennitet i bustadbyggjelaget. Medlemmar som melder interesse etter at fristen er gått ut, kan ikkje gjere krav på forkjopsrett.

Andre utgifter

Eigar må sjølv teikne innbuforsikring for eiga rekning.

Energi

Oppvarming

- Vedomn i stova.
- Luft til luft varmepumpe i trappeløpet.
- Varmekablar i badet.

Straumforbruk

Straum og nettleige etter eige forbruk.

Energimerking

Energifarge Gul og bokstav D.

Energiklasse

Denne bustaden er energimerka. På ein skala frå A til G, der A er best, har denne bustaden oppnådd D (ein normalbustad vil gjerne ligge i området C-F). Kopi av energiattest ligg vedlagt i salsoppgåva.

Økonomi

Pris

Prisantydning	Kr 2 590 000,-
Del fellesgjeld	Kr 233 574,-
Total pris inkl. fellesgjeld	Kr 2 823 574,-
Kostnader	Kr 6 950,-
Total pris inkl. kostnader	Kr 2 830 524,-

Kostnader ved kjøp

2 590 000,00 (Prisantydning)
233 574,00 (Andel av fellesgjeld)

2 823 574,00 (Pris inkl. fellesgjeld)

Omkostninger

5 600,00 (Boligkjøperforsikring - Help* (valgfritt))
260,00 (Grunnboksutskrift)
545,00 (Tinglysing hjemmelsovergang)
545,00 (Tinglysing pantedokument)

1 350,00 (Omkostninger totalt (uten Boligkjøperforsikring - Help))
6 950,00 (Omkostninger totalt (med Boligkjøperforsikring - Help))

2 824 924,00 (Totalpris inkl. omkostninger (uten Boligkjøperforsikring - Help))
2 830 524,00 (Totalpris inkl. omkostninger (med Boligkjøperforsikring - Help))

Del felleskostnader

Kr 7 297,- per måned i følge opplysning henta frå forretningsfører

Felleskostnader inkluderer

Renter og avdrag fellesgjeld, kommunale avgifter, byggforsikring, tak/loft, fiber Eninvest, dugnad, drift og vedlikehold.

Fellesgjeld

Del fellesgjeld Kr:233 574
Del fellesgjeld pr. dato: 04.11.2025

Lånevilkår fellesgjeld:

Spesifikasjon av lån:
Bank: Husbanken
Lånenr.: 13557806
Lånebeskrivelse: Husbanken
Lånetype: Annuitetslån
Rentesats: 2,05%
Rentetype: Fastrente
Andel av saldo: 221 365,38
Total saldo lån: 11 280 056,00
Innfrielsesdato: 20.03.2036

Bank: Sparebank 1 Sogn Og Fjordane
Lånenr.: 3706.29.25907
Lånebeskrivelse: Sparebanken S&F næringslån
Lånetype: Annuitetslån
Rentesats: 6,05%
Rentetype: Flytende rente
Andel av saldo: 12 209,58
Total saldo lån: 751 608,00
Innfrielsesdato: 20.06.2033

Total fellesgjeld for Hogane Burettslag pr. 04.11.2025: 12 031 664,00

Del felles formue

Kr 39 010 datert 31.12.2024.

Formuesverdi

Formuesverdi primær: Kr 650 000 for år 2026

Formuesverdi sekundær: Kr 2 470 000 for år 2026

Formueverdien til ein eigedom er den som blir lagt til grunn ved formueskattlegging av bustad- og fritidseigedomar. Formueverdien vert berekna av Skatteetaten med utgangspunkt i ein berekna bustadverdi/marknadsverdi. Bustadverdien er basert på ein kvadratmeterpris ut frå statistikk frå SSB multiplisert med p-rommet til bustaden. Formueverdien på primærbustad utgjer 25% av berekna omsetningsverdien opp til kr. 10 000 000, og 70% av verdien over 10 000 000 (der bustadeigar er registrert i folkeregisteret pr. 1. januar). For sekundærbustad utgjer den 95% av berekna omsetningsverdi som då er andre bustader.

Byggforsikring

Bygget er forsikra av burettslaget gjennom ei felles polise IF Skadeforsikring NUF

Ny eigar må sjølv syte for innbuforsikring for eiga rekning.

Polisenummer

SP5453570

TV/Internett/Breiband

Fiber Eninvest. Standard abonnement er inkludert i felleskostnaden.

Utleige

Tilgang til utleige

Vedtektene i burettslaget tillet utleige av bustaden i inntil 3 år etter samtykke frå styret på førehand. Utleige kan først skje etter at eigar har bebudd leilegheita i eit av dei to siste åra.

Vilkår og bestemmingar

Lovanvending

Eigedomen vert seld etter reglane i avhendingslova.

Salsoppgåva er basert på dei opplysningane seljar har gitt til bygningsakkyndig og meklar, samt opplysningar innhenta frå kommunen, Statens kartverk og andre tilgjengelege kjelder.

Eigedomen skal overleverast til kjøpar i tråd med det som er avtalt. Det er viktig at kjøpar set seg grundig inn i alle salsdokumenta, med dette salsoppgåve, tilstandsrapport og seljar si egenerklæring. Kjøpar vert sett på som kjent med forhold som er tydeleg beskrive i salsdokumenta. Forhold som er beskrive i salsdokumenta kan ikkje påberopast som manglar. Dette gjeld uavhengig av om kjøpar har lest dokumenta. Alle interessentar vert oppmoda til å undersøkje eigedomen nøye, gjerne saman med fagkyndig før bod vert gjeve. Kjøpar som vel å kjøpe usett kan ikkje gjere gjeldande som mangel noko han burde blitt kjent med ved undersøkinga. Dersom det er behov for avklaringar, anbefalar vi at kjøpar rådfører seg med eigedomsmeklar eller ein bygningsakkyndig før det vert lagt inn bod.

Dersom kjøpar ikkje er forbrukar seljast eigedomen «som den er», og seljar sitt ansvar er då avgrensa jf. § 3-9 1. ledd 2. pkt. Informasjon om kjøpar si undersøkingsplikt, med dette oppmoding om å undersøkje eigedomen nøye, gjeld og for kjøparar som ikkje vert vurdert som forbrukarar.

På grunn av ulike avtalevilkår kan seljar vurdere bod frå ein som ikkje er forbrukar, ulikt frå ein forbrukar sitt bod. Dersom kjøpar ikkje er forbrukar, er seljar sitt mulege mangelsansvar avgrensa fordi eigedomen vert seld "som den er". Seljar kan ikkje ta «som den er» atterhald

ovanfor ein forbrukarkjøpar. Sjølv eit lågare bod frå ein som ikkje er forbrukar kan foretrekkast fordi avgrensinga i muleg mangelsansvar kan ha eigenverdi for seljar. Seljar står fritt til å forkaste eller akseptere eitkvart bod, og pliktar til dømes ikkje å akseptere høgste bod.

Bodgjevarar får informasjon dersom andre bod er gjeve av ein som ikkje er forbrukar.

Forbrukarkjøp - definisjon:

Med forbrukarkjøp meinast kjøp av eigedom når kjøparen er ein fysisk person som ikkje hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukar - avtalevilkår:

Eigedom har ein mangel dersom den ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen, eller det ligg føre brot på bestemmingane i avhendingslova §§ 3-2 til 3-8. Dersom eigedom ikkje er i samsvar med det kjøparen må kunne vente ut frå alder, type og synleg tilstand, kan det vere grunnlag for mangelskrav. Det same gjeld dersom det er halde tilbake eller gitt urette opplysningar om eigedom. Dette gjeld likevel berre dersom ein kan gå ut frå at det virka inn på avtalen at opplysningen ikkje vart gitt eller at feil urette opplysningar ikke blir retta i tide på ein tydeleg måte.

Ein bustad som har blitt brukt i ei viss tid, har vanlegvis blitt utsett for slitasje og skadar kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøpar rekne med, og det kan avdekkast enkelte forhold etter overtakinga som gjer det naudsynt med utbetringa utbedringar. Normal slitasje og skadar som gjer det naudsynt med utbetring, er innanfor kva kjøpar må vente og vil ikkje utgjere ein mangel.

Bustaden kan ha ein mangel etter avhendingslova § 3-3 dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk innvendig areal, forutsett at avviket er på 2 % eller meir og minimum 1 kvm.

Ved berekning av eit eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøpar sjølv dekke tap/kostnader opptil eit beløp på kr 10 000 (eigendel).

Ikkje - forbrukar (næringsdrivande) – definisjon:

Dersom kjøpar er ein juridisk person, eller ein fysisk person som hovudsakeleg handlar som ledd i næringsverksemd, vil kjøpet ikkje bli sett på som eit forbrukarkjøp.

Ikkje - forbrukar – avtalevilkår:

Eigedom har ein mangel dersom den ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen. Eigedom vert seld «som den er», og seljar sitt ansvar utover det konkret avtalte er då avgrensa etter avhendingslova § 3-9, første ledd andre setning.

Avhendingslova § 3-3 andre ledd vert fråviken, og korvidt arealsvikt i bustaden utgjere ein mangel vert vurdert etter avhendingslova § 3-8.

Ein føresetnad for salet er at skøyet for eigedom vert tinglyst på kjøpar. Interessentar og kjøpar må godta at seljar og meklar brukar elektronisk kommunikasjon i salsprosessen.

I trå med eigedomsmeklingsforskrifta vil informasjon om oppdragsgivar, salsobjektet, interessentar og kjøpar bli lagra av meklarføretaket i min. 10 år. Sjå em1.no for meir informasjon om handsaminga vår av personopplysningar.

Diverse

Bustadseljarforsikring

Seljar har teikna bustadseljarforsikring som er framforhandla av Söderberg & Partners AS. Forsikringa dekkjer seljar sitt ansvar etter avhendingslova, med dei avgrensingane som følgjer av forsikringsvilkåra og er avgrensa til salssummen til eigedom, men oppad avgrensa til kr. 14 000 000,-. Seljar har i den samanhengen utarbeidd ei eigenerklæring om eigedom. Eigenerklæringa ligg vedlagt salsoppgåva og interessentar vert oppmoda til å gjere seg kjend med denne før bodgiving/kjøp. Bustadseljarforsikringa sørgjer for at kjøpar kan forhalde seg til ein profesjonell og søkegod motpart som handterer eventuelle reklamasjonar fagleg og ryddig.

Dersom kjøpar ikkje har teikna bustadkjøparforsikring kan hen reklamere direkte til Claims Link (tlf 67 83 51 30 eller post@claimslink.no), som representerer bustadseljarforsikringa til seljar.

Av vilkåra går det fram unntak i forsikringsdekninga, til dømes ved nye forhold som oppstår mellom aksept og overtaking. Garantiar/lovnader der seljar har påteke seg ansvar for eigenskapar ved egedomen eller dokumentasjon av slike, vert ikkje dekt. I nokre tilfelle er det heller ikkje dekning der seljar har opptrudd forsettleg eller grovt aktlaust. Forsikringa omfattar heller ikkje ein redusert bustadverdi som skuldast skadedyr/insekt, til dømes skjeggkre/perlekre/sølvkre, veggdyr, pelsbiller, maur, borebiller og tilsvarande. I samsvar med lov og rettspraksis må det reklameras "innan rimeleg tid". Det vert tilrådd å reklamere umiddelbart/snarast mogleg og seinast innan 2 månader frå forholdet vart/burde vorte oppdaga.

Dersom kjøpar utbetrar mangelskrav på eiga hand, kan dette medføre at reklamasjonsretten vert tapt.

Bustadkjøparforsikring

Vedlagt i salsoppgåva følgjer informasjon om Bustadkjøparforsikring Pluss og Bustadkjøparforsikring frå HELP Forsikring AS. Bustadkjøparforsikring er ei rettshjelpsforsikring som gir tryggleik og profesjonell juridisk hjelp dersom det blir oppdaga uventa feil eller manglar ved bustaden dei neste fem åra. Bustadkjøparforsikring Pluss har same dekning som bustadkjøparforsikring + fullverdig advokathjelp på viktige rettsområde i privatlivet. Les meir om begge forsikringane i vedlagde materiell eller på help.no. Det blir gjort merksam på at meklarføretaket mottar kr 1 900 / 2 600 / 2 600,- (avhengig av bustadtype) i kostnadsgodtgjersle for kvar forsikringsavtale som blir formidla på Bustadkjøparforsikring Pluss og kr 2 900,- / 3 600,- / 3 600,- i kostnadsgodtgjersle for Bustadkjøparforsikring.

Kvitevarer

Det vert gjort merksam på at kun integrerte kvitevarer på kjøkkenet følgjer med ved overdraginga.

Desse vert levert utan nokon form for garantiar, ut over eventuell gjenverande leverandørgaranti.

Bodgjeving

Vilkår for betaling

Kjøpesum og alle kostnader skal vere innbetalt til meklar sin klientkonto før overtaking. Det føresetjast at skøyte blir tinglyst på ny eigar. Dersom kjøpar ikkje ønskjer heimsoverføring av egedommen til seg, må det takast atterhald om dette i bodet.

Kvitvaskingsreglar

Eigedomsmeklarar er underlagd lov om kvitvasking og pliktar å rapportere til Økokrim om mistenkelege transaksjonar. Lov om kvitvasking har og strenge reglar om kontroll av legitimasjon frå alle partar i handelen, med dette, seljar, kjøpar og fullmektigar for desse.

Personopplysingslova

Vi gjer interessentar og kjøparar merksame på at vi vil handsame, etter personopplysingslova, personopplysningane dine i den utstrekning dette er naudsynt for å oppfylle våre lovpålagte plikter, med dette for å kunne gjere kundekontroll etter kvitvaskingslova samt for å utføre oppgåver som vi er pålagt etter eigedomsmeklingslova.

Overtaking

Overtaking

Overtaking etter avtale. Legg inn ønskje om overtakingsdato ved bodgjeving.

Mellom aksept av bod og tidspunktet for overtaking er det ikkje høve til å synfare egedomen.

Vi tilrår difor interessentar til å naudsynte mål og liknande på visinga.

Meklar sitt vederlag og utlegg

Meklar sitt vederlag (betalast av seljar)

Det er mellom seljar og meklarføretaket inngått følgande avtale om provisjon og utlegg, som skal dekkast av seljar:

Provisjon 1,90% forutsatt salgssum 2 590 000,- kr. 53 647,-

Grunnhonorar kr 10 000,-

Marknadspakke kr 23 900,-

Oppgjerstvederlag kr 6 900,-

Oppslag elektronisk grunnbok mm kr 900,-

Servituttar pr. stk. kr 263,-

Visning pr.stk. kr 2 000,-

Tilstandsrapport, fotograf og eierskifteforsikring kjem i tillegg.

Dersom eigedomen ikkje vert seld skal seljar betale eit vederlag på kr. 10 000,- samt andre vederlag og utlegg vist over, med unntak av provisjon og oppgjerstvederlag.

Meklarføretaket mottek eit administrasjonsgebyr frå straumleverandør ved formidling av straumavtale.

Finansiering

Finansiering og forsikring

Ønskjer du rask avklaring på finansielle spørsmål kan du ta kontakt med meklar som kan sette deg i kontakt med kunderådgevar i Sparebank 1 Sogn og Fjordane. Meklar mottek ikkje godtgjersle for dette.

Verdivurdering

Vi tilbyr verdivurdering av bustaden din dersom du planlegg å selje. Verdivurdering er ei berekning av marknadsverdien på eigedomen, basert på solid erfaring og kunnskap om eigedomsmarknaden der du bur.

Meklar

Oppdragsansvarleg

Trond Bakke

Eigedomsmeklar MNEF

trond.bakke@em1sf.no

Tlf: 48 99 99 84

Nyttig informasjon ved kjøp av brukt eideendom

Når du kjøper brukt eideendom er det viktig å ha riktige forventningar. Du må ha som utgangspunkt at slitasje frå bruk, alder, påkjenningar frå vær og andre ytre forhold gjer tilstanden dårlegare etter kvart som eidedommen vert eldre. Hugs at alle delar av bygget og tekniske installasjonar har avgrensa levetid. Forhold som kunne vore oppdaga på vising, er normalt ikkje ein mangel.


Det er viktig at du set deg grundig inn i alle salsdokumenta, med dette salsoppgåve, tilstandsrapport og eigenerklæringa til seljar. Du vert rekna å vere kjend med forhold som er tydeleg beskrive i salsdokumenta. Forhold som er beskrive i salsdokumenta kan ikkje gjerast gjeldande som mangel. Dette gjeld uavhengig av om du har lest dokumenta eller ikkje. Du vert oppmoda til å undersøke eidedommen nøye. Ta gjerne med ein fagkyndig på vising, før bod vert lagt inn. Kjøper du eidedommen usett kan du ikkje reklamere på forhold som du ville blitt kjend med på visinga.

Det kan ligge føre mangel dersom seljar har halde tilbake eller gitt urette opplysningar, og dette har virka inn på avtalen.

Dersom du oppdagar forhold du meiner kan vere ein mangel, stiller avhendingslova krav om at du reklamerer snarleg og «innan rimeleg tid» ovanfor bustadseljarforsikringselskapet/seljar. Vi tilrår at du reklamerer utan opphald etter at du oppdaga eller burde oppdaga mangelen.

Ta kontakt med meklar eller forsikringsselskapet straks du oppdagar forhold du meiner kan vere ein mangel.





Avvikelse kan forekomme.

Tegningen er en illustrasjon. Megler/selger tar ikke ansvar for eventuelle avvik i forhold til boligens innredning. Rommenes benevnelse kan også avvike fra dagens bruk av disse



Avvikelse kan forekomme.

Tegningen er en illustrasjon. Megler/selger tar ikke ansvar for eventuelle avvik i forhold til boligens innredning. Rommenes benevnelse kan også avvike fra dagens bruk av disse

Vedlegg

Tilstandsrapport

 Rekkehus
 Hogane 1 C, 6800 FØRDE
 SUNNFJORD kommune
 gnr. 62, bnr. 355
 Andelsnummer 59

Markedsverdi

2 600 000

Sum areal alle bygg: BRA: 167 m² BRA-i: 150 m²



Befaringsdato: 24.09.2025

Rapportdato: 20.01.2026

Oppdragsnr.: 20724-1820

Referansenummer: TX1229

Autorisert foretak: Førde Takstkontor AS

Sertifisert Takstingeniør: Ole André Roska

Vår ref: Ole Andre Roska



Rapporten kan brukes i inntil ett år etter rapportdato, og kan ikke gjenbrukes ved flere boligsalg i denne perioden. Skjer det endringer, oppstår skader også videre på boligen, bør du som selger be om oppdatert rapport.

Norsk takst

Norsk takst er bransjeorganisasjonen for landets bygningssakkyndige og takstforetak, med om lag 1400 sertifiserte medlemmer fordelt på omtrent 1000 bedrifter. I boligomsetningen regnes takstrapportene som et helt avgjørende element i den informasjonen som gjøres tilgjengelig for kjøper. Årlig leverer medlemmene rundt 120.000 slike takster. Det gir unik oversikt over norske boliger, og bidrar til at alle oppdrag kan utføres med utgangspunkt i erfaringsbasert kvalitet.



Det stilles høye krav til utdanning, sertifisering og yrkesetikk. Norsk takst er opptatt av at boligomsetningen skal være trygg, og legger vekt på å opptre uavhengig av andre bransjeaktører. Bygningssakkyndige fakturerer sine tjenester uten hensyn til hvilken pris som oppnås, og skal heller ikke på annen måte ha noen egeninteresse knyttet til handelen.

Uavhengighet og god fagkunnskap har over tid bygget troverdighet og tillit. Både selger og kjøper skal kunne stole på bygningssakkyndiges vurderinger. For tilfeller der det likevel skulle oppstå misnøye med utført arbeid, har vi sammen med Forbrukerrådet etablert en klagenemnd.

Norsk takst har en sentral rolle i utviklingen av norske standarder, regler og profesjonsprinsipper, og representerer bransjen i alle relevante internasjonale fora. Dette sikrer at norske bygningssakkyndige tidlig kan tilpasse seg krav og bransjetrender fra utlandet, samtidig som takseringsfaget får en norsk stemme på verdensbasis. Organisasjonen bidrar i næringspolitisk sammenheng, og har vært en pådriver for å sikre at lover og regler gir trygghet for forbrukerne i boligomsetningen.

Førde Takstkontor AS

Førde Takstkontor v/ Bjarte Roska vart etablert i 1996. I 2008 vart firmaet omgjort til aksjeselskap under navnet Førde Takstkontor AS. Firmaet har i dag 3 tilsette takstmenn/takstingeniører som utfører takstopdrag i Sunnfjord, Sogn og Nordfjord. Med bakgrunn i lang erfaring og breiddekompetanse innanfor taksering, har Førde Takstkontor etablert seg som eit leiande takstfirma i midtre del av Vestlandsregionen. Førde Takstkontor har levert nærmare 20 000 rapportar i området, og har med det eit stort arkiv med relevante opplysningar. Med stort fokus på kvalitet, og spisskompetanse innan taksering, har vi opparbeidd ei solid kundegruppe som består av privatpersonar, eigedomsmeklarar, advokatar, næringslivet, offentleg etater og domstolane.



Rapportansvarlig

Ole André Roska

Uavhengig Takstingeniør

ole@fordetakstkontor.no

959 91 625



NITO



Dette trenger du å vite om tilstandsrapporten



Hva er en tilstandsrapport?

En tilstandsrapport beskriver synlige skader/avvik eller tegn på skader/avvik på boligen. Rapporten fremhever vanligvis ikke positive egenskaper ved boligen.



Hva vurderer en bygningssakkyndig?

Den bygningssakkyndige vurderer boligen ut fra hva man kan forvente av en bygning av samme alder og type. Vurderingen gjøres som regel mot hvordan det var vanlig å bygge og regler som gjaldt da boligen ble oppført (søknadstidspunktet). Forhold som er vanlige for bygningens alder, slik som slitasje etter normal bruk regnes ikke som avvik.



Hva inneholder tilstandsrapporten?

Den bygningssakkyndige undersøker rom og bygningsdeler slik det kommer frem av [Forskrift til avhendingsloven](#). Tilstandsrapporten inneholder bare avvik som den bygningssakkyndige kan se eller kontrollere med enkle hjelpemidler. Det gjøres ikke nærmere undersøkelser slik som åpning av vegger eller andre bygningsdeler. I vegg mot våtrom og rom under terreng kan det borres et hull for å gjøre enkle undersøkelser slik som fuktsøk.

Når du kjøper en brukt bolig

Når du kjøper en brukt bolig, er det viktig å være oppmerksom på at dette ikke kan sammenlignes med å kjøpe en ny bolig. Måten boligen ble bygget på kan være annerledes enn i dag. Bygninger svekkes over tid, og utsettes for slitasje blant annet på grunn av bruk og vær og vind. Mange boliger fornyes helt eller delvis, noen i flere omganger, eller det oppføres tilbygg. Særlig for boliger som er pusset opp eller endret, er det viktig å merke seg at fornyelse av overflater ikke nødvendigvis betyr at bygningsdeler under er forbedret.

Vurdering mot byggeregler

Den bygningssakkyndige vil vurdere boligen mot hvordan det var vanlig å bygge og regler som gjaldt på søknadstidspunktet. Den bygningssakkyndige ser etter avvik som har betydning for og som reduserer boligens funksjon og verdi, og som kommer frem av forskrift til avhendingslova.

Noen bygningsdeler og forhold vil den bygningssakkyndige vurdere mot dagens regelverk. Etter dagens regelverk vil disse kunne få avvik og/eller TG2 eller TG3 uten at det nødvendigvis er krav om at avviket utbedres. Dette kan gjelde sluk, tettesjikt og fall på bad og vaskerom, forhold som gjelder sikkerhet mot brann, rekkverk, trapper osv.

Tilstandsrapporten beskriver ikke hele boligen

BYGNINGSSAKKYNDIGE SER FOR EKSEMPEL IKKE PÅ

- vanlig slitasje og normal vedlikeholdstilstand • bagatellmessige forhold som ikke påvirker bygningens bruk eller verdi vesentlig • etasjeskillere • tilleggsbygg slik som garasje, bod, anneks, naust også videre • utvendige trapper • støttemurer • skjulte installasjoner • installasjoner utenfor bygningen • full funksjonstesting av el- og VVS-installasjoner • geologiske forhold og bygningens plassering på grunnen • bygningens planløsning • bygningens innredning • løsøre slik som hvitevarer • utendørs svømmebasseng og pumpeanlegg • bygningens estetikk og arkitektur • bygningens lovlighet (bortsett fra bruksendringer, brannceller og forhold som åpenbart kan påvirke helse, miljø og sikkerhet) • fellesarealer (med mindre boligeier har vedlikeholdsplikt for fellesarealer og dette er kjent for bygningssakkyndig, eller fellesarealet har en særlig tilknytning til boligen).

© iVerdi 2023 © Norsk takst 2023

Malen til denne rapporten, inkludert standardtekstene fra Norsk takst, er vernet etter åndsverkloven og kan kun benyttes av medlemsforetakene i Norsk takst og av takstingeniører som er sertifisert i slikt foretak, samt av kunder hos iVerdi og studenter hos NEAK. For andre aktører er eksemplarframstilling av malen og standardtekster, som utskrift og annen kopiering til bruk som grunnlag for tilsvarende rapporter, bare tillatt når det er hjemlet i lov (kopiering til privat bruk, sitat o.l.) eller avtale med Norsk Takst ([Forside](#)) eller iVerdi ([Hjem-iVerdi](#)).

Utnyttelse i strid med lov eller avtale kan medføre erstatnings- og straffeansvar.

Dette trenger du å vite om tilstandsrapporten

Tilstanden vurderes med ulike tilstandsgrader

Tilstanden gir uttrykk for en gitt forventet tilstand, blant annet vurdert ut fra alder og normal bruk. Ved Tilstandsgrad 0 (TG0) og Tilstandsgrad 1 (TG1) gir den bygningssakkyndige normalt ingen begrunnelse for valg av tilstandsgrad. Grunnen er at bygningen eller bygningsdelen da bare har normal slitasje. Ved skjulte konstruksjoner kan alder alene avgjøre tilstandsgrad. Når bygningssakkyndige anbefaler tiltak, for eksempel utbedringer, må brukeren av rapporten vurdere om tiltakene er nødvendige og lønnsomme. Når den bygningssakkyndige velger tilstandsgrad, baseres vurderingen på faste kriterier som følger av gjeldende bransjestandard for Teknisk tilstandsanalyse ved omsetning av bolig og Forskrift til avhendingslova.



TILSTANDSGRAD 0, TG0: INGEN AVVIK

Bygningsdelen skal være tilnærmet ny, ikke vise tegn på slitasje og det skal være lagt frem dokumentasjon på faglig god utførelse. Det er ingen merknader til delen.



TILSTANDSGRAD 1, TG1: MINDRE AVVIK

Bygningsdelen skal bare ha normal slitasje, og strakstiltak skal ikke anses som nødvendig. Graden kan også brukes når delen er ny, men der dokumentasjon på faglig god utførelse mangler.



TILSTANDSGRAD 2, TG2: VESENTLIGE AVVIK OG MINDRE AVVIK SOM ETTER NS 3600 GIR TG 2

Bygningsdelen skal enten ha feil utførelse, en skade eller symptomer på skade, sterk slitasje eller nedsatt funksjon. Graden gis når bygningsdelen trenger vedlikehold eller tiltak i nær fremtid. Graden skal også brukes når delen er gammel og det er grunn til å varsle om faren for skader på grunn av alderen, eller når det er grunn til å overvåke delen spesielt på grunn av fare for større skader eller følgeskader.



TILSTANDSGRAD 3, TG3: STORE ELLER ALVORLIGE AVVIK

Denne tilstandsgraden brukes ved kraftige tegn på forhold som man må regne med trenger utbedring straks eller innen kort tid. Det er påvist funksjonssvikt eller sammenbrudd.



IKKE UNDERSØKT/IKKE TILGJENGELIG FOR UNDERSØKELSE

Det kan være avvik/skader som ikke er avdekket.

Informasjon om utbedringskostnader

